



Kyrkjetenaren er glad for at orgelet er friskmeldt framfor julehelga. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Orgelet i Uskedalskyrkja har skranta litt i det siste, men no er det lukkelegvis friskmeldt framfor julehelga. Då skal det vera messe både julekvelden og 2. juledag og det er viktig at instrumentet ikkje gjev ulyder, men berre vellyd i frå seg.

Kyrkjetenar Leonhard Eik kjem med den gledege meldinga og gjev uskedalen.no ein beroligande test. No er ulydene som var registrert borte!

Det mekaniske og norskbygde orgelet er 25 gamalt og det er instrument nummer to sidan kyrkja vart reist i 1914. Orgelet har fungert utan problem sidan det vart montert i 1981 (vigsla i 1982). I 1989 vart det sogar omtont fordi intonasjonen etter monteringa var noko overfladisk. Instrumentet har 14 stemmer fordelt på to manualar og pedal.

Det var under lysmessa 3. desember (første søndag i advent) instrumentet viste teikn på at noko var gale. Det peip og kvein i orgelet etter at organisten hadde spela siste tona.

- Det høyrdest ut som ei blanding av hundre mus og ein komposisjon av Arne Nordheim, seier ein som var til stades men som ikkje ynskjer å få namnet sitt attgjeve.


Men under ei gravferd noko seinare vart det verkeleg ille. Då var instrumentet for alvor 'surt', for å nytta eit populært 'fagord'. Toner hang seg opp og organisten måtte ned frå galleriet og ty til pianoet i staden. Då vart det heilt klårt at ein orgeldoktor måtte tilkallast.

Han var på plass sist måndag og ordna opp slik at instrumentet kunne friskmeldast. Det er ikkje minst kyrkjetenaren glad for.

Eik har fylgd og hatt omsorg for orgelet gjennom alle år, først som soknerådsleiar gjennom ei årrekkje og sidan som kyrkjetenar i 25 år. Det har vore eit godt instrument. 'Toneberedskapen' er høg i kyrkja. I tillegg til orgel og piano har Eik også sin eigen CD-spelar klår. Det hender at nokon har spesielle melodiynskje under gravferder eller bryllup og då er ikkje det noko problem.

Kyrkjetenaren kan ikkje tru at orgelproblema har hatt noko med temperaturen i kyrkja å gjera. Den ligg konstant på pluss 10 - først og fremst av omsyn til instrumentet.

Av Ola Matti Mathisen



Orgelet i kyrkja i Uskedalen er 25 år gammalt. (Foto: Ola Matti Mathisen)